



Arkivnr: 2015/11453-47  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		15.09.2016

## Årsmeldingar for Fagskolane i Hordaland

### Samandrag

Vedlagt følgjer årsmeldingane for skuleåret 2015/16 for dei tre fagskulane ved Fagskolane i Hordaland (vedlegg 1-3). Årsmeldingane inneheld resultat frå student-, lærar- og sensorevalueringa for skuleåret 2015/16 i tillegg til leiinga si evaluering av desse. Jf. kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland (vedlegg 4) vert årsmeldingane følgt opp med eit skulebesøk med gjennomgang av resultatata, og deretter vert det lagt fram ei kvalitetsmelding for styret.

### Forslag til vedtak

Styret tar årsmeldingane til orientering og ventar kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland 18.11.2016.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Årsmelding - Bergen maritime fagskole
- 2 Årsmelding - Hordaland helsefagskole
- 3 Årsmelding - Bergen tekniske fagskole
- 4 Kvalitetssystem for Fagskolane i Hordaland

**Fylkesrådmannen, 24.08.2016**

Vedlagt følger årsmeldingane for skuleåret 2015/16 for dei tre fagskulane ved Fagskolane i Hordaland (vedlegg 1-3). Årsmeldingane inneheld resultat frå student-, lærar- og sensorevalueringa for skuleåret 2015/16 i tillegg til leiinga si evaluering av desse. Årsmeldingane syner også skulen si måloppnåing i høve til både eigne mål og overordna målsetting for Fagskolane i Hordaland.

Jf. kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland (vedlegg 4) vert årsmeldingane følgt opp med eit skulebesøk med gjennomgang av resultata, og deretter vert det lagt fram ei kvalitetsmelding for styret. Skulebesøka vert i høve aktivitetsplanen gjennomført i oktober, og kvalitetsmeldinga vert lagt fram for styret 18.11.2016. Det er administrasjonen ved opplæringsavdelinga som har ansvar for å gjennomføre skulebesøka og leggje fram kvalitetsmelding for fagskulestyret. Styret er ansvarleg for kvaliteten i utdanninga, og det kan vere nyttig for styret å delta på skulebesøka. Det er svært lærerike prosessar i høve til å få meir kunnskap om kvalitetsarbeidet ved fagskulane. Dersom styremedlemmer ønskjer å delta på eit av besøka kan administrasjonen leggje til rette for det.